

Blad 1 og 2 skal sendast til personregisteret
 Blad 3 skal sendast til bidragsfuten dersom foreldra ikkje bur saman
 Blad 4 skal behaldast av faren til barnet
 Blad 5 skal brukast etter behov

Vedgåing av farskap

(lov av 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre § 4)

Blanketten skal sendast til Midt-Finnmark likningskontor, Personregisteret, 9613 Hammerfest. Dersom foreldra ikkje budde saman da barnet blei født, skal blanketten også sendast til bidragsfuten (NAV lokalt) der barnet bur. Dersom vedgåinga kan innebære endring av tidlegare fastsett farskap (jf. barnelova § 7), skal blanketten også sendast til NAV fylkeskontor i det fylket der barnet bur.

1 Opplysningar om faren til barnet

Etternamn, fornamn		Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse	Postnummer og poststad	Bukommune

2 Opplysningar om mora til barnet

Etternamn, fornamn		Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse	Postnummer og poststad	Bukommune

3 Opplysningar om barnet

Kjønn	<input type="checkbox"/> Jente <input type="checkbox"/> Gut	Fødselsdato	Bukommune	Ufødt barn som er venta født den
-------	---	-------------	-----------	----------------------------------

4 Vedgåing av farskapet

Eg vedgår med dette at eg er far til det barnet som er født/er venta født	den (dato)	av (namnet på mor til barnet)
Eg er gjord kjend med dei familie- og arverettslege følgjene denne vedgåinga har. (Sjå orienteringa på baksida.)		
<input type="checkbox"/> Eg bur saman med mora til barnet	<input type="checkbox"/> Eg bur ikkje saman med mora til barnet	
Stad og dato	Underskrifta til faren	
Dersom faren er under 18 år, skal den/dei som har foreldreansvaret for han, skrive under i denne rubrikken.		
Dersom farskapet blir vedgått av ein mann som ikkje bur saman med mora til barnet, og mora heller ikkje har meldt frå om kven som er faren til barnet, må mora godta vedgåinga. Det same gjeld dersom vedgåinga skal gi grunnlag for å endre farskapet.	Eg godtek denne vedgåinga	Underskrifta til mora

5 Attestasjon

Denne vedgåinga er skriven under medan eg var til stades. Faren til barnet har vist fram legitimasjon som gitt opp i feltet til høgre.	Type legitimasjon	Dato for utferding
	Utferda av	
<i>Skal skrivast under og stemplast av den som etter barnelova § 4 kan ta imot vedgåinga av farskapet (sjå baksida punkt 1)</i>	Dato, stempel og underskrift	
	Namnet gjentakast med blokkbokstavar ⇨	

6 Foreldreansvar for barnet (sjå informasjon om dette på baksida)

6.1	Foreldra er registrerte som busette på same adresse		
	Sambuande foreldre som er registrerte som busette på same adresse i folkeregisteret, får automatisk felles foreldreansvar for barnet.		
6.2	Sambuareklæring (ikkje nødvendig dersom foreldra er registrerte som busette på same adresse)		
	Foreldre som erklærer at dei er sambuarar, får felles foreldreansvar for barnet	Vi erklærer med dette at vi er sambuarar	<input type="checkbox"/> (Berre gyldig dersom begge foreldra har skrive under)
	Stad og dato	Underskrifta til mora	Underskrifta til faren
6.3	Avtale om foreldreansvar når foreldra ikkje bur saman		
	Dersom ikkje anna er avtalt eller fastsett, har mora foreldreansvaret aleine	Foreldreansvaret skal vere felles	<input type="checkbox"/> (Berre gyldig dersom begge foreldra har skrive under)
	Stad og dato	Underskrifta til mora	Underskrifta til faren

Fastsetjing og rettsverknader av farskap når foreldra ikkje er gifte med kvarandre (frå 01.01.2006)

Barn født når foreldra er separerte

Dersom mora er formelt separert når barnet blir født, og ektemannen vedgår farskapet, vil barnet bli rekna som født i ekteskap, med dei rettsverknader som følgjer av det.

Barn født når foreldra ikkje er gifte med kvarandre

Farskapet til eit barn som har ugifte foreldre, kan fastsetjast på følgjande måtar:

1. Faren kan vedgå farskapet skriftleg for lege/jordmor ved svangerskapskontroll eller i samband med fødselsmeldinga, eller ved personleg frammøte på folkeregisteret, hos bidragsfuten (NAV lokalt), på NAV fylkeskontor eller hos dommaren. I utlandet kan farskapet bli vedgått ved personleg frammøte hos ein norsk diplomatisk eller konsulær tenestemann, eller overfor skipsføraren dersom faren er ombord i eit norsk skip i utanriksfart. Vedgåinga må vere gitt av den som mora har opplyst er faren til barnet, eller mora må godta vedgåinga.

2. Sambuaren til mora kan vedgå farskap etter nr. 1 utan at mora har opplyst at han er faren, og utan at ho godtek vedgåinga i ettertid. Dette gjeld for sambuarar som er registrerte på same adresse i folkeregisteret, eller som erklærer i melding til folkeregisteret at dei bur saman.

3. Faren kan vedgå farskapet ved påteikning på førelegg som NAV fylkeskontor har skrive ut.

4. Ved dom

5. Ved dom eller gyldig farskapsvedgåing i Danmark, Finland, Island eller Sverige. Det offentlege har ansvaret for at farskapet blir fastsett.

Foreldreansvar

Foreldreansvar er den retten og plikta foreldra har til å bestemme for barnet i personlege forhold. Foreldra skal utøve foreldreansvaret ut fra behova og interessene til barnet. Den eller dei som har foreldreansvar, er også verjen til barnet. Dersom foreldra har felles foreldreansvar, må begge samtykke i viktige avgjerder som gjeld barnet, f. eks. om barnet kan få melde seg inn i eller ut av foreiningar eller trussamfunn, om barnet skal få pass, eller om barnet skal få flytte til utlandet. Foreldre med felles foreldreansvar har rett til dei same opplysningar om barnet frå offentlege myndigheiter.

Foreldre som bur saman når farskap fastsetjast, får automatisk foreldreansvar for felles barn. Foreldre som bur saman, kan ikkje avtale at ein av dei skal ha foreldreansvaret aleine. Som sambuarar reknast foreldre som er registrerte på same adresse, eller som har sendt ei erklæring om sambuarskap til folkeregisteret. Dersom foreldra er registrerte på felles adresse i folkeregisteret, er det ikkje nødvendig at dei fyller ut sambuarerklæring eller avtaler om felles foreldreansvar. Foreldre som oppfattar seg som sambuarar, men som ikkje er folkeregistrerte på felles adresse (eller som er usikre på om dei er det), kan erklære seg som sambuarar på forsida av skjemaet. Dei kan òg sende ei erklæring om sambuarskap til folkeregisteret seinare.

Når foreldra ikkje bur saman, har mora foreldreansvaret aleine. Foreldra kan avtale at dei skal ha felles foreldreansvar. Dette kan avtalast på forsida av skjemaet. Dersom foreldra ønskjer å avtale felles foreldreansvar seinare, kan dei sende ei skriftleg avtale om dette til folkeregisteret. Foreldre som har fått barn utan å bu saman, men som seinare flytter saman, får ikkje felles foreldreansvar automatisk som følgje av flyttemeldinga. Dei må da sende melding til folkeregisteret om at dei skal ha felles foreldreansvar, eller ei eiga sambuarerklæring om dette. Faren kan ha foreldreansvaret aleine dersom han bur saman med barnet. Foreldra må da sende avtale om dette til folkeregisteret.

For at folkeregisteret skal kunne registrere felles foreldreansvar på bakgrunn av sambuarerklæring eller avtale om foreldreansvar, *er det nødvendig at begge foreldra skriv under.*

Samvererett

Barnet har rett til samvere med begge foreldra sjølv om dei lever kvar for seg. Foreldra har gjensidig ansvar for at samvereretten blir oppfylt. Foreldra bør avtale omfanget av samveret nærmare, på bakgrunn av kva som er best for barnet.

Ei avtale om foreldreansvar, samvere eller kvar barnet skal bu fast, kan endrast ved ny avtale mellom foreldra. Dersom foreldra ikkje blir einige, kan dei bringe saka inn for retten.

Rett til opplysningar om barnet

Dersom den eine av foreldra har foreldreansvaret for barnet aleine, skal vedkomande gi den andre av foreldra opplysningar om barnet på førespurnad. Den andre har også rett til opplysningar om barnet frå barnehage, skole, helse- og sosialstellet og politi dersom ikkje teieplikta gjeld overfor foreldra. Retten til opplysningar gjeld berre dersom dei ikkje er til skade for barnet.

Barnebidrag

Begge foreldra har plikt til å sørgje for underholdet av barnet sitt etter evne. Når foreldra ikkje bur saman, må den som ikkje bur fast saman med barnet, betale sin del av underholdet som eit fast pengetilskott til barnet. Foreldra kan avtale kor stort barnebidraget skal vere.

Dersom foreldra ikkje blir einige, kan kvar av dei krevje at NAV lokalt (bidragsfuten) fastset storleiken på barnebidraget. I saker der NAV lokalt gjer vedtak om fastsetjing eller endring av barnebidrag, skal kvar av partane betale eit gebyr til staten. Barnebidraget skal fastsetjast med utgangspunkt i kva underholdet av barnet kostar. Kostnaden fordelast i samsvar med kor mykje kvar av dei har i inntekt. Det skal takast omsyn til bidragsevna til den bidragspliktige, og kor mykje samvere han/ho har med barnet. Eit avtalt eller fastsett bidrag kan endrast ved (ny) avtale, eller kvar av partane kan bringe saka inn for NAV lokalt på nytt dersom forholda endrar seg.

Dersom foreldra ikkje lever saman når barnet blir født, og dei ikkje har gjort avtale om bidraget, skal NAV lokalt av eige tiltak fastsetje bidrag til barnet. Foreldra vil da bli kalla inn til NAV lokalt.

NAV lokalt gir råd og rettleiing om dei reglane som gjeld, utan kostnader for foreldra.

Namn

Foreldre med foreldreansvar vel namn til barnet. Dei må sende melding om namnvalet til folkeregisteret. Dersom foreldra ikkje melder frå om etternamn innan seks månader, får barnet etternamnet til mora.

Arv

Når farskapet er gyldig fastsett, har barnet arverett etter faren.

For ytterlegare informasjon sjå internettsidene til Barne- og likestillingdepartementet: www.odin.dep.no/bfd/, og internettsidene til Arbeids- og velferdsetaten: www.nav.no